

## DEI REISANDE I TINGVOLL

Av Helge Husby



«Stor-Karl», Karl Fredrik Fredriksen (1868-1953) og kona «Vakker-Anna», Anna Gustava Fredriksdatter (1869-1943) med tre av døtrene. Familien hadde sterk tilknytning til Tingvoll og Nordmøre.

### TIDA RENN UT FOR MUNTLEGE KJELDER

Når eg spør eldre folk om kva dei hugsar frå desse menneska som reiste rundt frå bygd til bygd - som selde og byta varer, reparerte klokker, laga spann og kjerald, song og spelte og tala eit uforståeleg språk - er det sjeldan å høyre heile historier. Det er berre bruddstykke og enkelthistorier. Sjølv er eg fødd i 1956 og har glimt frå besøk av dei. Og eg hugsar somme av dei, korleis dei såg ut og kva dei baud fram av varer og tenester. Litj-Magnus og sonen hans var to av dei.

Det hastar å skrive ned kva folk hugsar om dei reisande. Sjølv har eg alltid vore fascinert av dette folket, og eg har vore så heldig å få innblikk i noko av dette gjennom det musikalske samarbeidet med romanisongarinna Laila Marie Yrvum. Ho har ei sterk slektstilknytning til Nordmøre.